

Kjøpsvilkår for nettbutikk til Landsfestivalen 2023

Vi har eigen nettbutikk for bestilling og betaling av plass til campingvogn/bubil for festivalcampingen. Ved å tinge deg plass på festivalcampingen/klasserom godtek du desse vilkåra.

FASILITETAR PÅ CAMPINGEN

Toalett - festivaltoalett på området

Vatn - frå spring

Dusj og toalett i garderobe i stadionhuset

Straum til plassane 31 – 111

BRUK AV GRILL ELLER OPEN ELD

Det er ikkje lov å bruke eingongsgrill eller open eld. Det må nyttast grill som er over bakkenivå. Dette på grunn av fare for spreieing av eld når vogner / bilar står så tett.

BESTILLING OG BETALING AV PLASSAR

I Nettbutikken vel du kva plass/plassar du ønskjer å kjøpe. Det er eit avgrensa tal plassar som har tilgang til straum. Kvar einskild må vurdere om det er nødvendig med straum. (Plassane P31 – P111 har straum)

Betaling skjer via nettbutikken når du bestiller plassen. Du kan velje mellom å betale med Vipps eller kort.

Når du kjem til Landsfestivalen vil du bli vist til din plass. Det er ikkje høve til å velje anna plass enn den du har bestilt.

ALDERSGRENSE FOR BESTILLING AV Plass TIL VOGN/BUBIL

Aldersgrense for bestilling av plass til campingvogn/bubil er 18 år. Det skal vere ein person over 18 år på kvar campingvognplass/bubilplass som har førarkort, og som har ansvaret for vogn/bubil/bil.

OPNINGSTIDER OG INNSJEKK

Festivalcampingen opnar tysdag 1. august klokka 12:00 og stengjer sundag 6. august klokka 18:00

PARKERING

Det kan parkerast ein bil per plass. Andre som har tilknytning til plass skal parkere på tilvist plass. Det er ikkje tillatt å parkere i brangater. Bilar som ikkje er tilknytt ein plass har ikkje tilgang til campingplassen.

NATTERO PÅ FESTIVALCAMPINGEN

Det er viktig å ta omsyn til andre. Mange har behov for ro etter ein lang dag og kveld. Andre vil gjerne spele utover natta. Vi vil gjerne at alle som er på landsfestivalen i Førde skal ha ei fin oppleving, slik at vi ber alle å ha omsyn til kvarandre og gjere sitt for at alle skal trivast i lag.

Festivalcampen er delt inn i to soner

For plassane frå P1 – P111 vil tida for nattero følge tidene for dans i matteltet. Fram til kl. 01:00 natt til torsdag, og fram til kl. 02:00 dei andre kveldane. Etter den tid skal det ikkje vere «aktivitetar» som forstyrrar andre på dette området av festivalcampen.

For plassane P112 – P187 er det meir anledning til å spele og kose seg utover natta, etter kl. 02:00. Men det er ikkje slik at ein ikkje skal ha omsyn til andre som er på festivalcampen i dette området heller.

SIKKERHEIT PÅ FESTIVALCAMPINGEN

Festivalcampingen har døgnkontinuerleg vakthald. Ikkje nøl med å seie ifrå om du har sett eller opplevd noko som ikkje høyrer heime på festivalcampingen til Landsfestivalen.

AVBESTILLING AV PLASSAR

Frist for avbestilling er 14 dagar før Landsfestivalen tek til. Avbestilling etter dette gjev ikkje rett til tilbakebetaling av utanom ved legeerklæring.

PERSONVERN

Sjå eigen personvernerklæring for landsfestivalen.no

LOVVALG OG TVISTELØSNING

Kjøpsvilkåra skal tolkast og regulerast i samsvar til norsk rett. Eventuelle tvistar mellom kjøper og arrangør knytt til kjøpsvilkåra skal avgjerast ved alminnelege norske domstolar. Søksmål skal i slike tvistar reisas for arrangørens verneting, som vedtatt verneting.

Når du vel å bestille plass på festivalcampingen i Hafstadparken, Førde 2023 så godtek du desse betingelsane.

KONTAKTPERSON FOR FESTIVALCAMPINGEN 2023

Joar Solheim

E-post: joar@landsfestivalen.no

Telefon: +47 913 33 244

www.landsfestivalen.no

LANDS
FESTIVALEN
I GAMMALDANSMUSIKK



Førde
2023

2. - 6. august